

Ål kommune
MØTEINNKALLING
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 20.11.2007 **Tid:** 09:00

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00

Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

SAKLISTE

Saksnr. **Arkivsaksnr.**
Tittel

Det vert gitt følgjande orienteringar:

- Drift- og vedlikehaldsavdelinga sine arbeidsoppgåver
- Kva er ein kommuneplan, kommunedelplan, reguleringsplan og bebyggelsesplan/utbyggingsplan og kva er administrasjonen og STNR sine arbeidsoppgåver i samband med planhandsaming?

Evt synfaring i sak 91/07 - 07/808 Toknutplassen

87/07	07/1760 MELDINGAR TIL MØTE I STNR 20.11.07
88/07	05/563 2007004 DEL AV REG.PLAN FOR RØDUNGSTØLEN SAMEIGE -TOMT 91/129 - VARDEHOVDA
89/07	06/1167 MINDRE VESENTLEG ENDRING - REGULERINGSPLAN FOR BERGSTØL HOVDA
90/07	03/1138 92/41 - INNGJERDING AV HYTTEEIGEDOM - SØKNAD OM DISPENSASJON
91/07	07/808 55/6 - KLAGE PÅ VEDTAK OM DISPENSASJON TIL FRITIDSTOMT

- 92/07 07/1250
110/322 - SØKNAD OM MELLOMBELS FRITAK FRÅ BUPLIKT -
BERGSTIGEN 8
- 93/07 07/1371
70/36 - MELLOMBELS FORBOD MOT DELING OG BYGGEARBEID -
REGULERINGSPLAN FOR NYSETLIE - LEVELD.
- 94/07 07/1395
112/99 - DISPENSASJONSSØKNAD - BYGGING PÅ HYTTETOMT I LNF-
OMRÅDE, STAVESTØLEN
- 95/07 07/1481
92/4 - DISPENSASJONSSØKNAD - UTVIDING AV HYTTETOMT 92/108
- 96/07 03/1149
SØKNAD OM BYGGING AV NY GARDSVEG - NYE HAGAVEGEN
V/KOLBJØRN OPHEIMSJORDE
- 97/07 07/1726
BETALINGSSATSAR 2008 UTVIKLINGSAVDELINGA
- 98/07 07/1758
GEBYR FOR FEING OG TILSYN 2008.
- 99/07 07/1741
GEBYR FOR KLOAKK 2008
- 100/07 07/1742
GEBYR FOR VATN 2008
- 101/07 07/1743 *Blir ettersendt*
GEBYR FOR RENOVASJON 2008
- 102/07 07/1762 *Blir ettersendt*
GEBYR FOR SLAMTØMING 2008

Stad: Ål kommune, dato: 09.11.2007

Anne Kjersti Frøyen (s.)
Leiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 87/07
Arkivsaksnr: 07/1760
Arkivkode: 061

Sakshandsamar: Grethe Sollien

Saksnummer	Utval	Møtedato
87/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

MELDINGAR TIL MØTE I STNR 20.11.07

Saka vert avgjort av:
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Vedlegg:
Delegerte vedtak, datert 17.10 – 01.11.07.

Vurdering:
Ingen

Rådmannen si innstilling:
Ingen

Administrasjon- og fellestenester, 08.11.2007

Reidun Aaker
Avd.leiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 88/07
Arkivsaksnr: 05/563
Arkivkode: L12

Sakshandsamar: Berit Heitmann Skrindo

Saksnummer	Utval	Møtedato
88/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

2007004 DEL AV REG.PLAN FOR RØDUNGSTØLEN SAMEIGE -TOMT 91/129 - VARDEHOVDA

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR)

Vedlegg:

Vurdering av alternative plasseringar for tomt 91/129, DBC arkitektur

Dokument i saka:

1. 2003007 Reguleringsplan for Rødungstølen sameige (sjå planarkiv)
2. Klage frå eigar av tomt 90/40
3. Klagesak
4. Svar frå fylkesmannen
5. Forhandsvarsling av flytting av tomt
6. Innkomne merknader til flytting av tomt

Saksopplysningar:

Reguleringsplan for Rødungstølen sameige (planID 2003007) vart vedteke av Ål kommunestyre 16.10.2003. Under handsaminga kom det fram at eksisterande hyttetomt 91/129 var flytta til eit nytt område utan at riktig prosedyre vart fulgt. Under kunngjeringa av reguleringsplanen kom det inn ei klage på prosessen rundt flyttinga av tomte. Fylkesmannen gav klagaren medhald og delar av reguleringsplan for Rødungstølen sameige - tomt 91/129 -, vart oppheva.

Resultatet av dette er at Ål kommune må omregulere denne tomte frå byggjeområde hytte til landbruksområde. Konsekvensane er vidare at ei tidlegare godkjent hyttetomt nå er sletta. Spørsmåla vidare er om denne tomte må erstattast og kven sit med ansvaret?

Ål kommune har bedt konsulent Torstein Kaslegard i DBC arkitektur i samarbeid med grunneigar om å finne eventuelle alternative plasseringar av tomte. Arbeidet blei varsla og det kom inn mange merknader til dei aktuelle plasseringane, sjå vedlegg.


Forhold til overordna plan:

(Arealdelen og samfunnsdelen ligg på Ål kommune si heimeside under planar:

www.aal.kommune.no)

Området er i arealdelen for Ål avsett til byggeområde fritidsbustader (eksisterande). Det aktuelle området er på kartet merka med raud sirkel.

I kommuneplanen, langsiktig del, kap 3.7 står der at Ål kommune ikkje vil ha hytter i snaufjellet og at der generelt bør vere god plass mellom hyttene.

**Helse-/miljø og beredskapsomsyn:**

I Ål kommune har me hatt ein uskriven regel om at alle hytter/hyttetomter skal ha ei fri retning ut mot terrenget. Dvs at tomter ikkje skal ligge innklemt mellom andre tomter og veg. Dette pga at hytta vert brukt til rekreasjon og ei fri retning mot terrenget er viktig for hytteeigars oppleving av at hytta skal ligge i terrenget.

Det er ikkje rasfare i området.

Økonomiske konsekvensar:

Det er slått fast at Ål kommune har gjort sakshandsamingsfeil då hyttetomt 91/129 fekk ny plassering i 1998. Ål kommune har i tillegg gjort mangelfullt arbeid då den fyrste reguleringsplanen for Rødungstølen ble endra frå å berre innehalde hyttetomter i storleik 90 m² til å få større tomter, vegar og avlaupsanlegg utan krav om omregulering, sjølv om dette var tilrådd frå både fylkesmannen og Buskerud fylkeskommune.

Om Ål kommune finn ny plassering vil erstatninga truleg berre vere dei økonomiske kostnadene knytt til etablering av tomta (tinglysing, oppmåling osv).

Om Ål kommune ikkje får godkjent/ikkje finn ei ny akseptabel plassering av tomta vil det truleg bli ei sak på om Ål kommune har erstatningsansvar og eventuelt kor stort ansvar me har.

Sakas utfall er uviss. Her kjem det an på kor mykje ansvar grunneigar (Rødungstølen sameige og eigar av tomt 91/129) har for at det ikkje var plass til tomta i fyrste reguleringsplan for Rødungstølen sameige.

Ål kommune må rekne med å ta kostnaden med å endre reguleringsplan for Rødungstølen sameige slik at tomt 91/129 vert oppheva.

Vurdering:

Alternative plasseringar for tomt 91/129 er drøfta i tverrfagleg sakshandsamarforum i Ål kommune. Her kom det fram at ingen av dei alternative tomteplasseringane er utan konflikhtar, da dei strir mot Ål kommune sine overordna reglar.

- Alt.1 er konfliktfyllt, då tomta vert liggjande innklemt mellom to vegar og den vert liggjande inntil ei viktig skiløype som går gjennom området. Det aktuelle området er i dag regulert til grøntdrag.

- Alt. 2 er konfliktfylt, då tomta ligg i snaufjell/grense til snaufjell og vil ha same uheldige plassering som eksisterande tomt 91/129.
- Alt.3 er konfliktfylt, då tomta vert liggjande i eit grøntdrag mellom to hytteområde. Grøntdraga er viktig for dele opp hyttefelta slik at dei får meir preg av natur.

Det har også vært vurdert andre områder for plassering, men desse ligg i snaufjell og strir i mot Ål kommune sine egne reglar.

Av dei vurderte tomtene meiner administrasjonen at det berre er alternativ 1 som kan vere eit akseptabelt alternativ som eventuelt kan vurderast nærare i detalj. Det har kome protestar på denne tomteplasseringa. Naboane rundt ynskjer ikkje ei ytterlegare fortetting. Problemet i høve til naboar vert dermed berre flytta. Men denne gongen er det mogleg å køyre riktig prosess. I forholdet til skiløypa kan ein vurdere det slik at skiløypa går gjennom eit hytteområde og det er fleire hyttetomter som ligg enda nærare.

Ein står difor igjen med to moglege alternativ til løysing:

1. Ål kommune varslar ei omregulering av tomt 91/129 etter pbl § 27-1. Tomta blir omregulert til landbruk. Ål kommune finn i området ingen alternativ akseptabel plassering og går til forhandling med grunneigar om eventuell erstatning. Ål kommune bør engasjere advokat i saka.
2. Ål kommune varslar ei omregulering av tomt 91/129. Tomta blir omregulert til landbruk. Alternativ 1 vert vurdert til å vere ei akseptabel løysing for plassering av tomta. Denne vert foreslått omregulert som ny hyttetomt. Planforslaget vert varsla og sendt ut på off. høyring etter reglane i pbl § 27-1.

Rådmannen si innstilling:

STNR er kjent med at ein klagar fekk medhald etter pbl § 15 på si klage på handsaminga av tomt 91/129 i reguleringsplan for Rødungen sameige (planID2003007).

Ål kommune varslar ei omregulering av tomt 91/129. Tomta blir omregulert til landbruk. Ål kommune finn i området ingen alternativ akseptabel plassering og går til forhandling med grunneigar om eventuelt erstatningsansvar. Ål kommune bør engasjere advokat i saka.

Utviklingsavdelinga, 17.10.2007

Reidun Aaker
Avdelingsleiar Utviklingsavdelinga

Berit Heitmann Skrindo
Arealplanleggjar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 89/07

Arkivsaksnr: 06/1167

Arkivkode: PLID 128 og 127/22

Sakshandsamar: Trond Erik Buttingsrud

Saksnummer	Utval	Møtedato
89/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

MINDRE VESENTLEG ENDRING - REGULERINGSPLAN FOR BERGSTØL HOVDA

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs.

Vedlegg:

Delar av søknad frå Børge Bekkestad, datert 08.10.07.

Reguleringsplan for Bergstølhovda – id (planid i Planarkivet) 2005002.

Dokument i saka:

Reguleringsplan for Bergstølhovda – id 2005002.

Søknad om endring av Reguleringsplan for Bergstølhovda.

Saksopplysningar:

Børge Bekkestad søker om å endre byggeområdet for tomtene T11 og T14, samt vegtrasé til tomtene T12, T13 og T14 i Reguleringsplan for Bergstølhovda. Behovet for å gjera endringar i planen har kome etter at ein veg ikkje er bygd heilt i samsvar med plan, og etter at ei hytte delvis er bygd utanfor byggeområdet til tomta, sjå vedlagte kart skisser.

Forhold til overordna plan:

Endringane det søkjast om i Reguleringsplan for Bergstølhovda kjem ikkje i konflikt med andre planar i området.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen konsekvensar for Ål kommune.

Vurdering:

Endringane det søkast om ligg innanfor plangrensa til reguleringsplanen. Endringane fører ikkje til at det vært regulert eit større område til byggeføremål. At hytta på tomt T11 har fått ein annan plassering enn i reguleringsplanen fører ikkje til at denne vert liggande meir eksponert i terrenget. Rådmannen

kan ikkje sjå at endringane det søkjast om endrar vesentleg på innhaldet i planen. Rådmannen rår derfor til at Ål kommune imøtekjem søknaden frå Børge Bekkestad.

Rådmannen vurderar endringane som mindre vesentleg.

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 28-1, punkt 2, vedtek Sektorutval for teknisk, næring og ressurs endringane i Reguleringsplan for Bergstølhovda – id 2005002, slik dei går fram av søknad frå Børge Bekkestad, datert 08.10.07.

Endringane er å sjå på som mindre vesentleg.

Utviklingsavdelinga, 30.10.2007

Reidun Aaker
Avdelingsleiar

Trond Erik Buttingsrud

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 90/07
Arkivsaksnr: 03/1138
Arkivkode: GNR 92/41

Sakshandsamar: Olav Warberg

Saksnummer	Utval	Møtedato
90/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

92/41 - INNGJERDING AV HYTTEEIGEDOM - SØKNAD OM DISPENSASJON

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs.

Vedlegg:

- Dispensasjonssøknad om gjerde frå eigar av 92/41, datert 01.11.06.
- Fylkesmannen si handsaming 29.09.04, av klage på førre dispensasjonssøknad i same sak.
- Brev om inngjerding frå far til eigar av 92/93, datert 19.10.06.
- Brev om inngjerding frå eigar av 92/4/3, datert 20.10.06.
- Brev om inngjerding frå eigar av 92/42, datert 15.11.06.
- E-post frå nabo til hyttetomtene, om inngjerding på eigedomen 92/82, datert 29.10.06.
- Brev frå kommunen til partane, datert 06.03.07.
- Kart som viser tomtene.

Dokument i saka:

Journal i sak 03/1138.

Forhold til overordna plan:

Reguleringsplan for Skarslia er vedteken 15.06.00, og inneheld forbod mot inngjerding av hyttetomt. Kommuneplanen vedteken 24.04.03 opnar for at 300 m2 av hyttetomt kan inngjerdast, men overstyrer ikkje tidlegare reguleringsplanar.

Saksopplysningar:

Eigar av hyttetomta 92/41 i Skarslia har satt opp gjerde i strid med reguleringsplanen. Gjerdet er difor ulovleg. Eigaren har søkt om dispensasjon i ettertid, 19.05.04. Dispensasjonssøknaden vart avslått i STNR 29.06.04. Avslaget er stadfesta i Fylkesmannen sitt vedtak 29.09.04, m.a. med bakgrunn i at kommunen har signalisert oppfølging av andre gjerdesaker i området.

I brev til eigarar av inngjerda tomter i området datert 17.10.06 gjorde kommunen merksam på planføresegnene om gjerdeforbod, og at gjerda anten må fjernast eller at det må søkjast om dispensasjon. Dette brevet vart òg sendt til eigar av 92/41, som på nytt søkjer om dispensasjon 01.11.06.

For dei andre eigedomane ligg det føre tilbakemelding på at gjerda var satt opp før planvedtaket 15.06.00. Ein reguleringsplan har ikkje tilbakeverkande kraft. Desse gjerda er difor lovlege. Kommunen har i brev til partane 06.03.07 opplyst om alle tilbakemeldingane, og bedt om merknader innan 31.03.07. Vi har som følgje av dette motteke tlf. om at gjerdet på 92/42 skal vera satt opp etter gjerdet på 92/41 (altså etter planvedtaket), der eigaren 92/42 hevdar at gjerdet er satt opp i 1998-99. Kommunen konstaterer at det føreligg 2 påstandar om same gjerdet på 92/42.

Særlege grunnar i dispensasjonssøknaden for gjerdet på 92/41 (sitat/samandrag):

Eigar av 92/41 viser til brevet frå kommunen 17.10.06, og søker om dispensasjon. Gjerdet vart satt opp i god tru utan kjennskap til planforbodet mot inngjerding. Fleire av hyttenaboane har hatt gjerde i fleire år før dette vart satt opp. Inngjerdinga dekker om lag 1/3 av 92/41. Porten vert teken ned i haustferien og satt opp i juni. Eigaren hadde før dette mykje arbeid med å reinska sauemøk frå tomt, trapper og terrassar kvar gong dei skulle bruka hytta. I tillegg var det lukt og fluer. I tillegg gjekk hestar på beite rundt hytta. Problema vart borte når gjerdet kom opp. Hytta ligg nær hovudvegen med aukande trafikk og stygg køyring. Gjerdet gjer det tryggare for 3 born og hund. Hyttene ligg eksponert langs vegen med større risiko for innbrot – jf. erfaringar dei siste åra. Gjerdet gjer det vanskelegare å ta seg inn på eigedomen. Eigaren kjenner til at det kjem fleire dispensasjonssøknader frå andre hytteeigarar i området, og ber om at desse vert handsama samla.

Vurdering:

Kommunen har ikkje motteke dispensasjonssøknader frå andre hytteeigarar, slik eigar av 92/41 førespeilar i dispensasjonssøknaden sin.

Det er kort tid sidan førre dispensasjonssøknad om same gjerdet på 92/41 vart avslått av kommunen og Fylkesmannen 29.09.04. Den nye søknaden kan difor avvisast utan realitetshandsaming, sidan dispensasjonsspørsmålet allereie er handsama og avgjort.

Grunnar som kan tala for ei realitetshandsaming er om planstatus er endra i mellomtida, eller det politiske vedtaksorganet har fått ny samansetning. I denne saka er planstatus den same, men STNR har fått ei ny samansetning sidan sist. Sidan kommunen sitt brev datert 17.10.06 også vart sendt til eigar av 92/41, har han i god tru søkt om dispensasjon på nytt, nærast på oppfordring frå kommunen. Rådmannen rår difor til at den nye dispensasjonssøknaden vert teken opp til realitetshandsaming.

Kommuneplanen opnar for at 300 m² av hyttetomt kan inngjerdast, og inneheld følgjande retningsline for endring av eksisterande reguleringsplanar til å verta i samsvar med kommuneplanen sine rammer for hyttestorleik:

”Hyttestorleik innafor tidlegare godkjente planar (THU-sak 14/01):

For å endre reguleringsføresegnene i godkjente utbyggingsplanar, reguleringsplanar og disposisjonsplanar til å bli innafor reglane i kap. 2 vedr. utforming og plassering av fritidsbustader i arealdelen av kommuneplanen, skal fylgjande prinsipp leggast til grunn for saksbehandling av desse:

Tiltakshaver må i søknaden dokumentere at alle grunneigarar, rettighetshavarar, hytteeigarar og eventuelle offentlege instansar er varsla og er gjeve rimeleg frist for uttale.

Tiltakshaver må synleggjera at gjeldande plan ligg i eit område som gjer det sannsynleg at hyttene kan aukast i størrelse.

Det skal ved søknaden ligge ved reviderte reguleringsføresegner som i tillegg til ny hyttestørrelse har slike føresegnar:

o Før byggeløyve vert gjeve skal det foreligge tverrprofil av tomta med hytteplasseringa innteikna.

o På ubebygd areal i byggeområda skal eksisterande vegetasjon søkjast bevart i størst mogeleg grad. Fyllingar, skjæringar og planering i terrenget lenger vekk frå hytta enn 2,5 m bør ikkje forekoma. Fyllingar eller forstøtningsmurar bør ikkje lagast høgare enn 0,8 m over opprinneleg terreng.

Inneheld søknaden det som er nevnt i punkta ovafor vert dei nye føresegnene godkjent som ein mindre vesentleg endring av omsøkte reguleringsplan.

Rådmannen får delegert fullmakt til å godkjenne slike saker som ein mindre vesentleg endring av planen.”

Rådmannen viser til ei tilsvarende sak innanfor reguleringsplan for Nysetlie-Leveld, der Fylkesmannen 09.09.03 gav mellombels dispensasjon til gjerdet på 71/7/1, i påvente av ei vurdering av planendring i samsvar med kommuneplanen. Sjølv om Fylkesmannen sitt avslag på gjerdet på 92/41 er fatta 1 år etterpå (29.09.04), er det lite som skil sakene. Rådmannen meiner Fylkesmannen sitt vedtak 09.09.03 dannar presedens, og rår til at det vert gjeve mellombels dispensasjon til gjerdet på 92/41.

Retningslinene i kommuneplanen legg opp til at tiltakshavar sjølv må fremja søknad om planendring. Kommuneplanen vert revidert kvart 4. år. Kommunen har ny kommuneplan under arbeid. Det er ikkje sikkert at retningslina om justering av gamle planar vert vidareført i den nye kommuneplanen, som i følge tidsskjemaet skal vedtakast i løpet av 2008. Tiltakshavar på 92/41 har difor kort, men rimeleg tid til å fremja søknad om endring av reguleringsplan for Skarslia. Uteblir søknaden om planendring, eller søknad om planendring vert avslått, vil det verta aktuelt å oppheva vedtaket om mellombels dispensasjon, og påleggja fjerning av gjerdet på 92/41 med heimel i gjeldande (uendra) plan.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 7 å gje mellombels dispensasjon frå reguleringsplanen slik at gjerdet på 92/41 kan verta ståande inntil reguleringsspørsmålet vedrørande gjerde er handsama og avgjort.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Utviklingsavdelinga, 07.11.2007

Reidun Aaker
Avd.leiar

Olav Warberg
sakshandsamar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 91/07
Arkivsaksnr: 07/808
Arkivkode: GNR 55/6

Sakshandsamar: Olav Warberg

Saksnummer	Utval	Møtedato
80/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	30.10.2007
91/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

55/6 – KLAGE PÅ VEDTAK OM DISPENSASJON TIL FRITIDSTOMT

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs, dersom klagen vert teken til følgje eller vedtaket vert oppheva eller endra.

Fylkesmannen i Buskerud, dersom klagen ikkje vert teken til følgje (vedtaket vert oppretthalde).

Vedlegg:

- Brev frå søkjar sin advokat, datert 06.11.07.
- Utskrift frå SEFRAK-registeret, datert 20.07.81.
- Resten av vedlegga ligg i STNR-sak 80/07, 30.10.07, med tilhøyrande saksframstilling i klagesaka.

Dokument i saka:

Journal i sak 07/808.

Saksopplysningar:

Klagesaka var til handsaming i STNR-sak 80/07, 30.10.07. Utvalet vedtok å utsetja saka til neste møte i november-07, for å ta synfaring på eigedomen.

I drøftinga av utsettingsforslaget vart det stilt spørsmål ved bruken av hytta som bustad også etter 1961, og grunnlaget for at våningshuset i tunet er rive. Som følgje av dette sendte rådmannen brev til søkjar 31.10.07, med kopi til Fylkeskommunen, for nærare opplysningar.

Tilleggsopplysningar frå søkjar sin advokat, datert 06.11.07 (samandrag/sitat):

Mor til noverande eigar overtok bruket i 1961 etter arveoppgjjer. Ho har aldri budd der. Innbu og lausøyre vart auksjonert vekk i arveoppgjjeret. Ho brukte hytta til fritidsbruk. Bustaden i tunet var ikkje eigna til å bu i. Ein onkel av noverande eigar hadde bruksrett til eit rom og tilgang til kjøkenet i hytta. Onkelen flytta på sjukeheimen, truleg på tidspunktet nemnt av kommunen – 1972-73.

Tidspunktet for bygging av hytta er usikkert. Bygget stammar frå heimevernsleiren på Torpo, og var tørkehus for telt. Flyttinga til Toknutplassen var nokre år etter krigen, der truleg vart nytta som bustad på 50-talet.

Våningshuset i tunet har forfalle med åra, og kunne ikkje nyttast til bustad. Noverande eigar kontakta kommunen tidleg på 90-talet og vart tilrådd å søkja om riving. Han mottok svar frå kommunen med løyve til å riva. Kommunen si grunngjeving var at det var mange nok Hallingstover i betre stand i området. Grunna kort tid på kommunen sin førespurnad 31.10.07, har ikkje søkjar hatt høve til å finna fram dokumenta. Denne korrespondansen bør finnast i kommunen sitt arkiv.

Dei 2 uthusa i tunet er ikkje i bruk. Det eine har rast saman. Låven står framleis.

Vurdering:

”Eksisterande bustad” i GAB:

Fylkeskommunen har oversendt kopi av SEFRAK-registreringane frå 20.07.81. Foto viser forfall på våningshuset – bl.a. er nokre av vindaugo dårlege / øydela. I registreringa er tilstanden i 1981 koda som ”beg. forfall”. Fylkeskommunen opplyser at dei ikkje har andre opplysningar om denne eigedomen, enn det som ligg i SEFRAK.

I kommunen sitt arkiv er det ikkje dokument som omhandlar riving av våningshuset. Ei slik sak frå tidleg på 90-talet som søkjar meiner skal eksistera, ville normalt ha hatt si eiga mappe i arkivet på eigedomen 55/6.

Eit riveløyve ville normalt ha vorte følgt opp med endring av GAB-opplysningane, der bygget ville ha fått ny kode for ”revet”. I GAB står våningshuset pr. i dag registrert som eit eksisterande bygg, noko som ikkje samsvarar med realitetane. Før 1993 var ikkje bygget registrert i GAB. Dersom rivesøknad var handsama tidleg på 90-talet, ville det difor ikkje ha vore mogeleg/relevant å endra GAB-kode. GAB-opplysningane kom først inn via MABYGG-prosjektet i 1993. For SEFRAK-registrerte bygg vart opplysningane om bygget sin status henta frå SEFRAK-registreringa. GAB inneheld difor data som vart registrert i 1981. Dersom våningshuset er rive mellom 1981 og 1993, vil ei GAB-registrering i 1993 basert på 1981-tilstanden til bygget, medføra feil i GAB.

”Hytta” i GAB:

Den GAB-registrerte hytta har vore brukt til bustadføremål fram til tidleg på 70-talet. Frå 1961 var bustadbruken knytt til ein slektning sin bruksrett frå arveoppgjeret, og gjaldt ein avgrensa del av bygget. Mora (eigaren) nytta resten av bygget til fritidsføremål. Bygget har berre 1 bueining, og kan difor ikkje ha 2 bruksføremål samstundes. Bruksretten for slektningen kan definerast likt med leige. Det er då leigetakaren sin kontinuerlege bruk av bueininga til bustadføremål som avgjer bruksføremålet til bygget, ikkje eigaren sin sporadiske bruk av den same bueininga til fritidsføremål i same perioden. Rådmannen konkluderer med at bygget vart bygd til bustadføremål etter krigen, og har vore brukt til bustadføremål fram til 1974.

Frå og med 1974 og fram til dags dato har bygget vore nytta til fritidsføremål. Det vart gjeve fritak frå bu- og driveplikta 14.07.77 i medhald av konsesjonslova. Fritak frå buplikt på eit gardsbruk endrar ikkje bustaden sin status til fritidsføremål etter plan- og bygningslova. Det må søkjast konkret om bruksendring av bygget, noko som ikkje har vore gjort.

Status som hytte har kome inn i GAB via MABYGG i 1993, som baserte seg på SEFRAK-registreringa frå 1981. SEFRAK er m.a. basert på intervju av eigar eller annan person med kjennskap til bygget. Opplysning i rubrikken for ”noverande funksjon” på GAB-skjemaet er difor basert på ei tidsbestemt oppfatning frå intervjuobjektet, ikkje på bygget sin formelle status etter plan- og bygningslova. I SEFRAK-skjemaet frå 1981 er det under ”noverande funksjon (formål)” ført opp kode

312 = hytte, sommerhus. Ut frå dette har bygget i GAB fått kode 161 = hytter, sommerhus og lignende fritidsbygg.

At kommunen ved handsaminga av tilbygg og utsleppsløyve i 1994 omtalte bygget som "hytte" og "fritidsbustad", har truleg samanheng med GAB-opplysningen, som er henta frå SEFRAK via MABYGG. Det er ingen ting i søknaden frå tiltakshavar eller konsulentane sine utgreiingar som omtalar bygget som hytte. I tilbyggsøknaden er tomtearealet oppgjeve som "småbruk", altså i retning bustadføremål vurdert etter plan- og bygningslova. Feilen har sitt opphav i systematikken som låg til grunn for MABYGG si kopling mot SEFRAK.

Korkje SEFRAK, MABYGG eller GAB, eller feil i sakshandsaminga i 1994, overstyrer reglane i plan- og bygningslova om bygningen sin status som bustad. Eit hus som frå starten har vore nytta til bustadføremål og ligg på eit gardsbruk slik som her, er bustad så lenge det ikkje har vore søkt om bruksendring. Endringa i odelslova i 2001 der eigedomen ikkje lenger er gardsbruk, endrar ikkje bustaden sin status. Bruksendring til fritidsføremål er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 93 c, og må m.a. handsamast med grunnlag i gjeldande arealplan for området på søknadstidspunktet.

Rådmannen finn at dei nye opplysningane endrar grunnlaget for dispensasjonsvedtaket om å tillata frådelling av tomt til fritidsføremål – jf. delegert vedtak i sak 250/07, 30.08.07. Vedtaket var tufta på at huset har vore hytte, noko som ikkje stemmer. Huset har vore bustad lenge etter innføringa av plan- og bygningslova, og det har aldri vore søkt om bruksendring til hytte. Med bakgrunn i dette vil rådmannen rå til at vedtaket om dispensasjon vert oppheva. Rådmannen fremjar difor ny innstilling i klagesaka. Vedtak om oppheving kan påklagast.

Kommunen har òg motteke reaksjonar på at det ikkje er gjennomført nabovarsling i denne saka. Unntaket frå nabovarsling framkom gjennom søkjar sin advokat si vurdering tidleg i søknadsfasen. Kommunen hadde ut frå opplysningane som då låg føre, ikkje vesentlege innvendingar til unntaket. Slik saka har utvikla seg ser rådmannen no at denne vurderinga var feil, og at vedtaket lir av ein mangel – jf. kravet om nabovarsling i pbl. §§ 7 og 94.3.

Ei oppheving av dispensasjonsvedtaket medfører at tiltakshavar har høve til å søkja på nytt, der det må gjennomførast nabovarsling før kommunen kan gjera vedtak. Søknaden må då formulerast som dispensasjonssøknad for bruksendring frå bustadføremål til fritidsføremål, samt eventuell frådelling til fritidsføremål.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i forvaltningslova § 35 c) å oppheva delegert vedtak nr. 250/07, 30.08.07. Grunngevinga er at bygget har formell status som bustad, ikkje hytte som var grunnlaget for vedtaket. Vidare lir vedtaket av ein mangel ved at søknaden ikkje var nabovarsla – jf. plan- og bygningslova §§ 7 og 94.3.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Utviklingsavdelinga, 07.11.2007

Reidun Aaker
Avd.leiar

Olav Warberg
sakshandsamar

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 30.10.2007, saksnr. 80/07

Handsaming:

Saka vert utsett for synfaring på neste møte.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 92/07

Arkivsaksnr: 07/1250

Arkivkode: GNR 110/322

Sakshandsamar: Olav Warberg

Saksnummer	Utval	Møtedato
92/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

110/322 - SØKNAD OM MELLOMBELS FRITAK FRÅ BUPLIKT - BERGSTIGEN 8

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs.

Vedlegg:

- Søknad om fritak frå buplikt, datert 20.10.07.
- Kart som viser eigedomen.

Dokument i saka:

Journal i sak 07/1250.

Saksopplysningar:

Eigar av 110/322 er busett i USA. Huset vart kjøpt i september 2006, fordi eigaren ynskjer å ha ein stad å bu i heimbygda under vitjing av mor si. Med pensjonsalder kan det verta aktuelt å flytta til Ål.

Ål kommune har null-konsesjon for bustader – jf. forskrift til konsesjonslova § 7. Det medfører at bustader skal nyttast til fast busetnad. Det er ikkje høve til å la hus stå tomme, eller nytta dei til fritidsbruk. Dersom eigaren ikkje nyttar huset sjølv, må han leiga det ut til fast busetnad.

Forhold til overordna plan:

Eigedomen er regulert til bustadføremål i reguleringsplan for Sundre Sentrum.

Søknad om fritak frå buplikt (samandrag/sitat):

Eigaren har leigd ut huset siste året. Leigetilhøvet går ut 15.11.07. Bustaden treng innvendes oppussing. Eigaren ynskjer å starta dette no, og arbeidet vil pågå i 2-3 år. Oppussinga vert umogeleg å gjennomføra dersom bustaden er utleigd. Eigaren har budd i storbyar dei siste 40 åra, og ynskjer noko tid til å venja seg til eit framtidig tilvære i Ål.

Vurdering:

Eigaren har leigd ut huset siste året, noko som gjer at buplikta er oppfylt. Eigaren bur i USA, og må administrera oppussinga delvis derifrå, og delvis ved eige periodevis opphald/arbeid i bustaden. Ut frå dette finn rådmannen grunnlag for å tilrå mellombels fritak frå buplikta i inntil 3 år som omsøkt.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs viser til forskrift for Ål kommune knytt til konsesjonslova § 7, og gjev mellombels fritak frå buplikta i 3 år, fram til utgangen av 2010. Grunngevinga er at eigaren bur utanlands, og treng tid til å administrera og gjennomføra oppussing av bustaden.

Utviklingsavdelinga, 05.11.2007

Reidun Aaker
Avd.leiar

Olav Warberg
sakshandsamar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 93/07

Arkivsaksnr: 07/1371

Arkivkode: GNR 70/36

Sakshandsamar: Olav Warberg

Saksnummer	Utval	Møtedato
93/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

70/36 - MELLOMBELS FORBOD MOT DELING OG BYGGEARBEID - REGULERINGSPLAN FOR NYSETLIE - LEVELD.

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs.

Vedlegg:

- Kart over planområdet.

Dokument i saka:

Journal i sak 07/1371.

Saksopplysningar:

Kommunen har motteke søknad om tilbygg til hytte på eigedomen 70/36 innanfor planområdet Nysetlie-Leveld, der omsøkt mønehøgde er i strid med planføresegnene.

I ei gjerdesak på eigedomen 70/7/1, som òg ligg innanfor reguleringsplan for Nysetlie-Leveld, har Fylkesmannen i Buskerud 09.09.03 handsama klagesak med følgjande vedtak:

”Fylkesmannen gir med hjemmel i pbl. § 7 midlertidig dispensasjon frå reguleringsplanen slik at gjerdet kan bli stående inntil reguleringsspørsmålet vedrørende gjerder er behandlet og avgjort i kommunen.”

Forhold til overordna plan:

Reguleringsplanen inneheld forbod mot inngjerding av hyttetomter. Kommuneplanen opnar for inngjerding av 300 m2 tomteareal.

Planføresegnene avgrensar mønehøgda til 5 meter målt frå topp grunnmur. Det er ikkje føresegner om høgde på grunnmur. Føresegnene er difor ueigna til styring av høgde på bygg. Målereglane knytt til Teknisk forskrift (TEK) seier at mønehøgde skal målast frå gjennomsnittleg terrengnivå. Føresegnene om topp grunnmur samsvarer ikkje med målereglane, og er ugyldige. Kommuneplanen opnar for 6 meter mønehøgde målt frå gjennomsnittleg terrengnivå.

Føresegnene må justerast. Inntil det føreligg eit nytt planvedtak, må det innførast eit mellombels forbod mot deling og byggearbeid i planområdet – jf. pbl. § 33.

Førehandsvarsling:

At kommunen vurderer innføring av eit mellombels forbod mot deling og byggearbeid, er førehandsvarsla til partane med heimel i forvaltningslova § 16. Det er ikkje kome inn merknader til førehandsvarselet.

Vurdering:

Bakgrunnen for Fylkesmannen sitt vedtak om mellombels dispensasjon i gjerdesaka, er at kommuneplanen opnar for at 300 m² av tomta kan inngjerdast, medan reguleringsplanen har forbod mot inngjerding. Fylkesmannen føreset at kommunen vurderer ei justering av reguleringsplanen i samsvar med kommuneplanen. Dette må handsamast som ei planendring, som enno ikkje gjennomført 4 år etter Fylkesmannen sitt vedtak 09.09.03. Inngjerdingsspørsmålet kan takast no, samstundes med revisjon av høgdeføresegnene.

Kommuneplan for Ål fastset mønehøgda til 6 meter frå gjennomsnittleg terrengnivå, medan reguleringsplanen seier 5 meter frå topp grunnmur. Kommuneplanen set opp følgjande retningsline for endring av eksisterande reguleringsplanar til å verta i samsvar med kommuneplanen sine rammer for hyttestorleik:

”Hyttestorleik innafor tidlegare godkjente planar (THU-sak 14/01):

For å endre reguleringsføresegnene i godkjente utbyggingsplanar, reguleringsplanar og disposisjonsplanar til å bli innafor reglane i kap. 2 vedr. utforming og plassering av fritidsbustader i arealdelen av kommuneplanen, skal fylgjande prinsipp leggast til grunn for saksbehandling av desse:

Tiltakshaver må i søknaden dokumentere at alle grunneigarar, rettighetshavarar, hytteeigarar og eventuelle offentlege instansar er varsla og er gjeve rimeleg frist for uttale.

Tiltakshaver må synleggjera at gjeldande plan ligg i eit område som gjer det sannsynleg at hyttene kan aukast i størrelse.

Det skal ved søknaden ligge ved reviderte reguleringsføresegner som i tillegg til ny hyttestørrelse har slike føresegner:

o Før byggeløyve vert gjeve skal det foreligge tverrprofil av tomta med hytteplasseringa innteikna.

o På ubebygd areal i byggeområda skal eksisterande vegetasjon søkjast bevart i størst mogeleg grad. Fyllingar, skjæringar og planering i terrenget lenger vekk frå hytta enn 2,5 m bør ikkje forekoma. Fyllingar eller forstøtningsmurar bør ikkje lagast høgare enn 0,8 m over opprinneleg terreng.

Inneheld søknaden det som er nevnt i punkta ovafor vert dei nye føresegnene godkjent som ein mindre vesentleg endring av omsøkte reguleringsplan.

Rådmannen får delegert fullmakt til å godkjenne slike saker som ein mindre vesentleg endring av planen.”

I saker der det vert lagt ned mellombels dele- og byggeforbod, må kommunen sjølv utarbeida forslag til nye planføresegner. Frå vedtak om mellombels dele- og byggeforbod er innført, har kommunen ein frist på 2 år til å vedta ny plan. Eit vedtak om mellombels dele- og byggeforbod kan påklagast. Det vil vera høve til å søkja om dispensasjon frå forbodet. Dispensasjon vil vera mest naturleg å vurdere i saker som ikkje er i konflikt med grunnlaget for forbodet – i denne saka t.d. deling, og bygging i samsvar med gjeldande plan.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 33 å innføra eit mellombels forbod mot deling og byggearbeid innanfor planområdet til reguleringsplan for Nysetlie-Leveld. Føremålet er å revidere planføresegnene om høgde på bygg og forbodet mot inngjerding av hyttetomter. Grunngevinga for vedtaket er at gjeldande føresegner om høgde på bygg

er ugyldige, og at Fylkesmannen i Buskerud har gjeve mellombels dispensasjon til eit eksisterande gjerde på 70/7/1 i påvente av reviderte føresegner om inngjerding.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Utviklingsavdelinga, 05.11.2007

Reidun Aaker
Avd.leiar

Olav Warberg
sakshandsamar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 94/07

Arkivsaksnr: 07/1395

Arkivkode: GNR 112/99

Sakshandsamar: Olav Warberg

Saksnummer	Utval	Møtedato
94/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

112/99 - DISPENSASJONSSØKNAD - BYGGING PÅ HYTTETOMT I LNF-OMRÅDE, STAVESTØLEN

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for Teknisk, næring og ressurs.

Vedlegg:

- Dispensasjonssøknad m/vedlegg, datert 02.09.07.
- Kart som viser tomte ved Stavestølen.
- Utsnitt av kommunedelplan for Primhovda.
- Uttale frå Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavingdelinga, datert 10.10.07.

Dokument i saka:

Journal i sak 07/1395.

Saksopplysningar:

112/99 er ei ubygd tomt, frådelt som hyttetomt i 1981. Eigaren skal selja tomte, og ynskjer avklaring på om det kan byggast hytte på ho.

Forhold til overordna plan:

Tomte ligg i LNF1-område i kommunedelplan for Primhovda. Planen opnar for utviding av eksisterande hytter innan visse rammer. Sidan planen seier at omfanget av spreidde fritidshus skal vera som i dag, opnar planen ikkje for bygging av nye hytter – jf. føresegnene:

- I LNF -områda kan det berre oppførast nye bygg og anlegg knytt til stadbunden næring. (§20-4, 2.ledd, bokstav c)
- Området LNF-1 er område med eksisterande spreidde fritidshus. Omfang og lokalisering skal vere som i dag. Den totale bygningsmassen for fritidshus kan maksimalt aukast til 140 m² (T-BRA). Dette under føresetnad av at tomte er eigna for bygningsmassen og at BYA ikkje overstig 15 %. Anneks kan vere maksimalt 25 m². (§20-4, 2.ledd, bokstav c)

Særlege grunnar i dispensasjonssøknaden (sitat/samandrag):

Eigar av 112/99 søker om dispensasjon frå LNF1-føremålet, for bygging av hytte på tomte, og hevdar at tomte har vore regulert til hyttetomt tidlegare og at omregulering har skjedd utan at eigaren vart

informert. Ho viser òg til at eigedomen har vore formueskatta som hyttetomt sidan 1981. Ho viser til at kommunen tidlegare i år har svara at tomta er byggbar, men at kjøparen seinare har fått opplyst av kommunen at ho ikkje er byggbar. Tomta ligg ved veg, i nærleik av andre hytter. Dersom det ikkje vert gjeve dispensasjon, krev eigaren at kommunen løyser inn tomta.

Høyring:

Dispensasjonssøknaden er sendt på høyring til Fylkesmannen i Buskerud og Statens vegvesen – region sør 13. og 14. sept.-07.

Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelinga (10.10.07) kan ikkje sjå at det føreligg særlege grunnar for å dispensera i denne saka, men er heller ikkje kjend med særlege interesser eller naturverdiar som kan verta redusert ved ei utbygging. Eigedomen ligg nær Stavesølvegen, og kan verta utsett for støy og luftureining i samband med tilkomstvegen til det planlagde hytteområdet i Primhovda. Fylkesmannen rår til at det ikkje vert gjeve dispensasjon.

Eventuell uttale frå vegvesenet vil verta lagt fram i utvalsmøtet.

Vurdering:

At kommunen på eit tidspunkt har gjeve feil opplysning om planstatus for denne tomta er sterkt beklageleg, og noko kommunen har teke sjølvkritikk på. Feilen er imidlertid oppdaga på eit tidleg tidspunkt, før sal. Saka hadde stilt seg verre om feilen vart oppdaga etter at ny kjøpar hadde overteke tomta og skulle byggjelde hytte.

At tomta i si tid vart frådelt som hyttetomt er ikkje ein særleg grunn for å dispensera – det finst mange ubygde hyttetomter i LNF-områda i kommunen, og saka kan danna presedens.

I kommuneplan for Ål vedteken i 2003 (som gjaldt før kommunedelplan for Primhovda vedteken i 2006) låg tomta i LNF3-område, også der med forbod mot hyttebygging. Slik sett er ikkje planstatus for denne tomta endra slik søkjar hevdar. Ved utarbeiding av kommuneplan eller kommunedelplan er det ikkje krav i plan- og bygningslova at grunneigarane skal tilskrivast. Varsling av planoppstart, høyringsdokument og planvedtak skjer gjennom kunngjering i pressa. Grunneigarar er sjølve ansvarlege for å halda seg orientert om planarbeidet i kommunen, og konsekvensar / planstatus for sin eigedom. Kommunen er ikkje erstatningspliktig for føringar som følgje av kommuneplanvedtak som i denne saka, eller ved eit eventuelt avslag på dispensasjonssøknad.

Skattereglane overstyrer ikkje gjeldande planstatus, og er i dispensasjonssamanheng ei generell grunngeving som òg kan nyttast i liknande saker (presedens). Økonomisk grunngeving kan ikkje nyttast som særleg grunn i ein dispensasjonssøknad.

Fylkesmannen rår til at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, men har ikkje sterke motførestillingar i denne saka. Når det gjeld støy og luftureining viser rådmannen til at tilkomstvegen til hyttefeltet i Primhovda passerer 90 meter sør for tomtegrensa, i aust-vest-retning. Vegaksen nordover, som passerer tomta, er ein sideveg til nokre få hytter og stølar.

Rådmannen er open for å vurdera dispensasjon i denne saka, sidan tomta ligg inntil eksisterande veg og hyttegrend, og i skogbeltet. Det ligg ikkje bustader i nærleiken.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 7 å dispensera frå LNF1-føremålet i kommunedelplan for Primhovda, slik at det kan byggjast hytte på 112/99 ved Stavestølen. Som særlege grunnar vektlegg STNR at tomte ligg inne mellom eksisterande hytter, inntil veg, i skogbeltet, og at det ikkje er bustader i nærleiken. Vilkåret for bygging er at hyttestorleiken held seg innanfor vedtekne rammer for eksisterande hytter i området.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Utviklingsavdelinga, 05.11.2007

Reidun Aaker
Avd.leiar

Olav Warberg
sakshandsamar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 95/07
Arkivsaksnr: 07/1481
Arkivkode: GNR 92/4

Sakshandsamar: Olav Warberg

Saksnummer	Utval	Møtedato
95/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

92/4 - NY DISPENSASJONSSØKNAD - UTVIDING AV HYTTETOMT 92/108

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs.

Vedlegg:

- Ny dispensasjonssøknad, motteken 24.09.07.
- Målebrev med søkjar sitt forslag til utvida tomt.
- Kart som viser hytta si plassering på tomta.
- Fylkesmannen i Buskerud sin uttale til førre dispensasjonssøknad, datert 21.02.07.
- Kommunen si handsaming av førre dispensasjonssøknad, delegert vedtak 27.02.07.
- E-post frå hytteeigar i området - 92/121 - motteken 07.11.09.

Dokument i saka:

Journal i sak 07/1481.

Forhold til overordna plan:

92/108 = tomt H4 i reguleringsplan for Skarslia. Tomtestorleiken er på plankartet fastsett til 1500 m2. Arealet nord for 92/108 er regulert til landbruksføremaal.

Saksopplysningar:

Tomta er frådelt med eit areal på 2008 m2, som er 508 m2 større enn reguleringsplanen opnar for. Det vart gjeve igangsettingsløyve til bygging av hytte på 92/108, 16.06.06. Eigaren ynskjer å utvida tomta opp i haugen mot nord. Heimelshavar til 92/4 søkte 23.01.07 om dispensasjon frå landbruksføremalet, for å utvida tomta med 1000 m2, slik at ho skulle bli på om lag 3000 m2 – dobbelt så stor som fastsett i reguleringsplanen. Søknaden vart avslått i delegert vedtak 27.02.07.

Avslaget vart ikkje påklaga innan utlaupet av klagefristen. Søkjar hevdar at klage var førebudd, men vart av uheldige årsaker ikkje sendt til kommunen. Det vert no søkt på nytt om dispensasjon, for eit areal oppgjeve til 900 m2, slik at tomta vert i underkant av 3000 m2.

Særlege grunnar oppgjeve i den nye dispensasjonssøknaden (samandrag/sitat):

Området for tomteutviding har ikkje allmenn interesse eller verdi som jordbruksareal, då det er svaberg. Tidlegare sti er flytta lenger sør etter at 4 nye tomter vart godkjent i dette området. Det er ikkje planar om fleire tomter i området.

Nabovarsling og høyring:

Den førre dispensasjonssøknaden er etter opplysning frå søkjar nabovarsla. Kommunen sendte den førre søknaden på høyring til landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen, og fekk uttale frå miljøvernavdelinga som går imot søknaden. Kommunen har i brev til Fylkesmannen 19.10.07 i sak 05/321 (byggesak for hytta) vist til at vi legg den førre uttalen til grunn for handsaminga av den nye dispensasjonssøknaden for utviding av tomta.

Kommunen har motteke innspel frå hytteeigar – 92/121 – på moglege manglar i nabovarslinga. Dersom dispensasjonssøknaden vert avvist eller avslått, vil ikkje vedtaket endra situasjonen i området, eller påverka naboane sine interesser. Dersom STNR vurderer å godkjenna dispensasjonssøknaden, må manglar i nabovarslinga rettast opp før handsaming.

Vurdering:

Sidan dispensasjonsspørsmålet allereie er avgjort kort tid tilbake (27.02.07), kan kommunen avvise den nye søknaden utan realitetshandsaming. Dersom det er endra føresetnader for vedtaket kan kommunen likevel opna for ei realitetshandsaming, t.d. ved endra innhald i søknaden, endra plan eller endra politisk samansetting av vedtaksorganet.

I denne saka er planen den same. STNR har fått endra samansetting, men har ikkje hatt saka til politisk handsaming tidlegare. Innhaldet i søknaden er justert, med ei anna avgrensing av tilleggsarealet. Rådmannen kan ikkje sjå at dette endringane er så vesentlege at dei rører ved realitetane eller konsekvensane av saka.

Rådmannen viser til at søkjaren hadde til intensjon å klaga, og legg difor den nye dispensasjonssøknaden fram for politisk handsaming. Rådmannen finn ikkje opplysningar som gjev grunnlag for å godkjenna søknaden – jf. førre handsaming og grunngevinga for avslaget 27.02.07. Rådmannen rår til at den nye søknaden vert avvist utan realitetshandsaming. Eit vedtak om avvising av søknaden kan påklagast til Fylkesmannen.

Dersom STNR vel å realitetshandsama den nye søknaden, bør han avslåast. Gjennom ei realitetshandsaming vil søkjar oppnå ny klagerett i dispensasjonsspørsmålet, som opnar for at han kan få prøvd dispensasjonsgrunnlaget hjå Fylkesmannen som klageinstans.

Saka vert lagt fram med 2 alternative innstillingar.

Rådmannen si innstilling:

Alt. 1:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek å avvise den nye dispensasjonssøknaden motteken 24.09.07, utan realitetshandsaming. Grunngevinga for vedtaket er at dispensasjonsspørsmålet allereie er avgjort i delegert sak 41/07, 27.02.07.

Alt. 2:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 31 å avslå den nye søknaden om dispensasjon frå regulert landbruksføremål for frådeling av tilleggsareal til hyttetomta 92/108 – jf. § 7. Grunngevinga for vedtaket er, at det som følgje av uttale frå fylkesinstansen, ikkje føreligg overvekt av særlege grunnar for å dispensera frå planen. Kommunen finn det heller ikkje hensiktsmessig å dispensera i denne saka, av omsyn til grøntstrukturen som planen er meint å ivareta, der kollen utgjer eit viktig element. Det vert i tillegg vektlagt at tomta allereie er vesentleg større enn det reguleringsplanen opnar for.

Båe alt. kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Utviklingsavdelinga, 07.11.2007

Reidun Aaker
Avd.leiar

Olav Warberg
sakshandsamar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 96/07

Arkivsaksnr: 03/1149

Arkivkode: V83

Sakshandsamar: Helge Torsgard

Saksnummer	Utval	Møtedato
96/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007

SØKNAD OM BYGGING AV NY GARDSVEG - NYE HAGAVEGEN V/KOLBJØRN OPHEIMSORDE

Saka vert avgjort av:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Vedlegg:

Søknad om bygging av landbruksveg - Nye Hagavegen, datert 18/5-07

Merknadar frå Marianne og Magne Reidar Liahagen, datert 28/5-07, 16/10-07, 3/10-07

Merknadar frå Mehusgutua v/ Magne Reidar Liahagen, datert 3/10-07

Merknadar frå Liv og John Bakken, datert 31/5-07, 20/10-07

Merknadar frå Advokat Svein Kittelsen, datert 1/10-07

Merknadar frå eigarane av Mehusgutu, datert 4/6-07

Merknadar frå Kolbjørn Opheimsjorde, datert 27/8-07 og 17/9-07

Brev frå Utviklingsavdelinga i Ål Kommune, datert 20/6-07, 10/9-07 og 17/9-07

Merknad frå Buskerud Fylkeskommune, datert 22/10-07

Merknad frå Eidsivating Jordskifteoverrett, datert 25/9-07

Dokument i saka:

Sjå dokumentliste i sak 03/1149

Saksopplysningar:

Ål kommune har motteke søknad frå Kolbjørn Opheimsjorde om bygging av ny gardsveg til gardane til Liv og John Bakken og Tore Hagen. Bakken og Hagen driv baa med mjølkekyr som fører til mykje tung transport på gardsvegen som i dag går gjennom tunet til Kolbjørn Opheimsjorde.

Det vart og søkt om bygging av denne vegen i 2003, men lang sakshandsamingstid grunna diverse tilhøve med jordskifte, anking, mm. så har vegen ikkje vorte bygd innan 3-årsfristen.

Difor måtte Kolbjørn Opheimsjorde søkje på nytt og saka har vore på høyring endå ein gong. Kolbjørn Opheimsjorde søker om same trase som sist, men for å lette bruken av Mehusgutu til å drifte dyr rår kommunen no til ei omlegging av gutu.

Forhold til overordna plan:

Vegen det søkast om ligg i: LNF-3; Grender, jord- og skogbruksområde (§ 20-4, 2.ledd, bokstav e) i kommuneplanen. Bygging av landbruksveg er i samsvar med LNF-føremålet.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Hovudårsaka til at Kolbjørn Opheimsjorde søker om ein ny gardsveg for naboane er all køyring gjennom tunet. K Opheimsjorde har 3 små ungar, og vegen går i dag mellom våningshuset på eine sida og kår- og driftsbygningen på andre sida.

Magne Reidar Liahagen og John Bakken er redd for at bygging av Nye Hagavegen vil føre til meir vatn i Skulestadbekken som i dag lett fløymer over ved store nedbørsmengder.

Økonomiske konsekvensar:

Denne saka får ingen økonomiske konsekvensar for Ål kommune. Fordeling av utgifter for partane vil bli avgjort av Jordskifteretten

Merknader:

Det er innan høyringsfristen kome inn nokre merknadar som her er samanfatta:

1. Magne Reidar Liahagen er redd for at vegen skal føre til meir vatn i Skulestadbekken og ynskjer at vegutbyggaren må ta kostnaden med å utbetra bekken, som utgraving og steinsetting.
2. Advokat Svein Kittelsen og Magne Reidar Liahagen meiner at kommunen ikkje kan krevja omlegging av Mehusgtu, og at det er ulovleg. Dei meiner og at gutua er verneverdig.
3. Det blir hevda at Nye Hagavegen vil gjera det vanskeleg å bruke dagens trase for Mehusgtu.
4. Adv. Kittelsen har leigd inn ein landmålar frå Hemsedal Kommune som syner at vegen har 3,3 m større høgdeforskjell enn det vegplanleggaren frå Viken Skog har rekna ut. Kittelsen meiner då at vegen blir for bratt for å oppfylle vegklasse 3.

Vurdering:

1. Som kommunen før har nemnt bør det vera mogeleg å spreie vatnet med stikkrenner slik det er foreslått i dok.75.frå Øvre Buskerud Jordskifterett. Der er stikkrennene dimensjonerte for ein hundreårs flaum, og plasseringa av dei slik at vatnet leiast inn i eksisterande grøfter og bekker.
2. Rådmannen meiner at omlegging av Mehusgtu følgjar reglane om planlegging og godkjenning av veg for landbruksformål, jf. FOR- 1996-12-20-1200:
§ 1-1. Formål: Formålet med denne forskrift er å sikre at planlegging og bygging av veier for landbruksformål skjer på en måte som gir landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier knyttet til naturmiljø, landskap, kulturminner og friluftsliv, og andre interesser som blir berørt av veiframføringen.
Dette blir og stadfesta av Eidsivating Jordskifteoverrett.
Buskerud Fylkeskommune meiner og at ein omlegging av Mehusgtu kan vera bra for å lette bruken av gutua.
Dei skriv og at det har vore arkeologisk registrering av området utan at det vart funne automatisk freda kulturminne. Rådmannen tilrår derfor at Mehusgtua blir lagt om slik som kommunen sitt forslag i brev datert 17/9-07.
3. Problemet med å krysse høge skjeringar og fyllingar blir løyst dersom ein legg om Mehusgtu.
4. Dersom vegen skulle syne seg å bli for bratt for å halde vegklasse 3, kan dette lett

løysast ved å la traseen gå endå lengre aust før vegen svingar attende. Rådmannen vil i dette høve likevel leggja lit til vegplanleggaren i Viken Skog, som meiner at det er mogeleg å byggja veg i vegklasse 3 slik det er teikna inn på søknaden frå Kolbjørn Opheimsjorde.

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs godkjenner med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål. 20.12.1996. søknaden om bygging av Nye Hagavegen, datert 18/5-07. Villkåret for godkjenninga av vegen er at Mehusgutua blir lagt om jamfør kommunen sitt forslag i brev datert 17/9-07.

Merknaden knytt til Skulestadbekken vert teken til følgje ved legging av stikkrenner. STNR kan ikkje sjå at andre moment i merknadane gjer vesentlege ulemper, og tek dei ikkje til følgje.

STNR har lagt vekt på ei god heilheitssløysing med tanke på gardsveg og gutu i Opheim.

Utviklingsavdelinga, 05.11.2007

Reidun Aaker
Avdelingsleiar

Helge Torsgard
Skogbrukssjef

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 97/07
Arkivsaksnr: 07/1726
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Reidun Aaker

Saksnummer	Utval	Møtedato
97/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
/	Formannskapet	
/	Kommunestyret	

BETALINGSSATSAR 2008 UTVIKLINGSAVDELINGA

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Samanlikning av betalingssatsar pr 2007 for Hallingdalskommunane.

Gjeldande betalingssatsar finst på www.aal.kommune.no under fane "avgifter/gebyr"

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

Følgjande betalingssatsar ligg til utviklingsavdelinga:

- Jordlova (konsesjonssaker, deling)
- Delingslova § 5.2 (kart- og delingsforretning, grensepåvisning, punkt feste, målebrev, mellombels forretning, seksjonering m v)
- Plan- og bygningslova (byggemelding, meldingssaker, lokal godkjenning av føretak, planhandsaming, dispensasjonssaker mv)
- Forureiningslova (mindre avlaupsanlegg)
- Fallvilt
- Eigedomsmeklarlova (innhenting av opplysningar)
- Landbruksavløysar
- Bustadtomter i kommunale felt
- Kommunale industri og forretningstomter

I budsjettrundskrivet er det føreslege at satsane skal aukast med 3.5 %.

Ved rekneskapsårets slutt vert det gjort ei sjølvkostanalyse av betalingssatsane etter delingslova og etter plan- og bygningslova. Sjølvkostnanalyse for 2006 synte at betalingssatsane ikkje dekte Ål kommune sine reelle utgifter med tenestene. Kommunane kan i følgje reglane for sjølvkost justere sine

betalingssatsar slik at brukarbetalinga dekkjer 100% av kostnadane. Viss kommunen eit år får inn meir i betalingssatsar enn dei reelle utgiftene ved tenesten utgjer, skal overskotet settast av til eit sjølvkostfond for å dekke eventuelt underskot eit anna år.

Viss kommunestyret ynskjer at me skal ligge så nær opp til sjølvkost som råd, må difor betalingssatsane særleg for plan- og bygningslova i dei fleste tilfelle aukast med meir enn 3.5 %. Vedlegg 1 syner Ål sine betalingssatsar samanlikna med dei andre Halligdalskommunane.

Forhold til overordna plan:

I samsvar med framlagt økonomiplan/årsbudsjett med unntak av nokre betalingssatsar som i dag ikkje dekkjer dei reelle utgiftene ved tenesten.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Innarbeidd i økonomiplan og årsbudsjett.

Vurdering:

Rådmannen har samanlikna betalingssatsane med dei andre Hallingdalskommunane og ser at Ål ligg under dei andre kommunane i mange høve. Rådmannen tilrår difor at satsane for plan- og bygningslov vert auka med meir enn med 3.5% i dei fleste tilfelle for å koma nærmare opp mot sjølvkost. Som det går fram av samanlikninga er det og tilfelle der rådmannen tilrår ei nedjustering av stasane for at dei skal vera betre tilpassa dei andre Hallingdalskommunane. Rådmannen meiner ikkje det er rett at alle innbyggjarane i Ål skal vera med å subsidiere t.d handsaming av private reguleringsplanar, men meiner at utbyggjarane må dekke dei reelle kostnadane.

Ål kommune har i dag problem med å få målt inn bygg og med å få levert inn regulerings- og bebyggelsesplankart på eit format som me kan nytte i våre kartprogram. Dette er sers viktig for at kartdataene skal vera så oppdaterte som mogleg. Rådmannen ynskjer difor følgjande tillegg i betalingssatsane etter plan- og bygningslova:

- presisering av at tiltakshavar er ansvarleg for at det vert levert inn måledata for alle byggemeldte og meldingspliktige bygg og at det vert kravd inn eit ekstragebyr viss måledata manglar (nytt pkt 5g)
- planfremjar er ansvarleg for at kartdata vert levert i rett format og at det vert kravd inn eit ekstragebyr viss retting/konvertering av innsendte plankartdata er naudsynt (tillegg i pkt 12e)

Det er for tungvint at sektorutvalet må godkjenne evt bruk av timesats i kvart tilfelle og rådmannen ynskjer at dette vert delegert til administrasjonen å avgjera (under jordlova og i pkt 4e og pkt 6 under betalingssatsar etter plan- og bygningslova)

Ål kommune manglar betalingssatsar for handsaming av torvuttak og nydyrking (etter jordlova) og ulovleg byggearbeid, mellombels bruksløyve, kart og eigedomsoppgåver og for handsaming av konseskvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Når det gjeld prisar på kommunale næringsstomter, gjeld prisane berre eksisterande felt.

Kommunestyret må koma attende til prisar på næringsstomter i nye felt seinast i budsjett for 2009.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedteke å auke desse betalingssatsane med 3.5 % for 2008:

Jordlova (konsesjonssaker)

Delingslova § 5.2 (kart- og delingsforretning, grensepåvisning, punkt feste, målebrev, mellombels forretning, seksjonering m v)

Fallvilt

Forureiningslova (mindre avlaupsanlegg)

Eigedomsmeklarlova (innhenting av opplysningar)

Landbruksavløysar

Bustadtomter i kommunale felt

Kommunale industri- og forretningstomter

2. Ål kommunestyre vedtek å justere desse betalingssatsane med anna presentsats for 2008:

Plan- og bygningslova (byggemelding, meldingssaker, lokal godkjenning av føretak, planhandsaming, dispensasjonssaker mv) slik det går fram av vedlegg 1.

Jordlova:

Deling etter jordlova auke frå kr1140 til kr 1710.

3. Ål kommunestyre vedtek følgjande endringar i ordlyden under betalingssatsar etter plan- og bygningslova §109:

Pkt 5g)

Felles for alle byggemeldte og meldingspliktige bygg:

Viss det ikkje vert sendt inn måledata for endeleg plassering av bygget saman med ferdigmelding, må tiltakshavar koste slik innmåling etter rekning.

Pkt 5e og pkt 6

Setninga "Sektorutvalet skal godkjenne evt. bruk av timesatsen i den einskilde sak" går ut slik at det vert delegert til administrasjonen å vurdere når betaling skal krevjast etter medgått tid.

Pkt. 11 Særlege kontrollar og undersøkingar

Timesatsen vert rekna til kr 600.

Pkt 12 e)

I tillegg til gebyr over vert det irekna eit tilleggsgebyr dersom planen og/eller føresegnene planframlegg, ikkje er levert i eit slikt digitalt format som det er spesifisert at kommunen ynskjer i oppstartmøtet, må planfremjar betale ekstrakostnaden ved naudsynt retting/konvertering av kartdataene.

4. Ål kommestyre vedtek følgjande nye betalingssatsar etter plan- og bygningslova:

Nytt pkt 5h

Mellombels bruksløyve kr 750.

Purregebyr for ferdigattest på bakgrunn av mellombels bruksløyve kr 750.

Nytt pkt 15. Ulovleg byggearbeid

vert fakturert etter medgått tid med minimumsbeløp kr 6 500 og maksimumsbeløp kr 17 000. Pris pr time kr 600.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 98/07

Arkivsaksnr: 07/1758

Arkivkode: 231 M88

Sakshandsamar: Kjell Kløve

Saksnummer	Utval	Møtedato
98/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
/	Formannskapet	
/	Kommunestyret	

GEBYR FOR FEIING OG TILSYN 2008.

Saka vert avgjort av:

Ål kommunestyre

Vedlegg:

Møtebok frå styret i Hallingdal Brann og Redningsteneste IKS av 16.10.07.

Dokument i saka:

Møtebok frå styret i Hallingdal Brann og Redningsteneste IKS av 16.10.07.

Saksopplysningar:

All feiing og tilsyn av piper og ildstader i Ål kommune vert ivareteke av Hallingdal Brann og Redningsteneste IKS.

Brannsjefen har gjort ei utgreiing av dei faktiske kostnadene med ordninga i vedlagte møtebok. For å få til sjølffinansiering på tenesta vert det foreslått å auke gebyra med 7,8-9-5%.

Forhold til overordna plan:

Ingen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Tenesta er pålagt gjennom sentrale lover/forskrifter, og er eit førebyggjande tiltak mot brann og bygningsskader.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for Ål kommune sitt budsjett.

Huseigarar får påslag i gebyra.

Vurdering:

Rådmannen ser ingen grunn til å overprøve brannsjefen sine berekningar for sjølffinansiering av feie- og tilsynstenesta.

Gebyr for feiing/tilsyn vert å sjå på som forskrift og må difor vedtakast av kommunestyret i den enkelte kommune som er tilslutta felles brannvesen.

Gebyrauken er større enn det som generelt er lagt til grunn i det kommunale budsjettet, men prinsippet om sjølvfinansiering må ha gjennomslag også i denne tenesta.

Elles viser rådmannen til utgreiinga i vedlagte møtebok, og er samd med brannsjefen og styret i HBR si innstilling.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner at satsane for feiing og tilsyn vert auka med 7,8-9,5% slik at tenesta vert sjølvfinansierande.

Satsane for 2008 vert då som fylgjer:

a. Fast gebyr (tilsyn):	kr. 138,- pr. bustadhus	7,8%
b. Feiesats	kr. 221,- pr. pipe	8,9%
c. For pipe nr 2,3...	kr. 110,- pr. pipe	8,9%
d. Timesats	kr. 300,- pr påbegynt time	9,5%

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 08.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 99/07
Arkivsaksnr: 07/1741
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Harald Varlid

Saksnummer	Utval	Møtedato
99/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
/	Formannskapet	
/	Kommunestyret	

GEBYR FOR KLOAKK 2008

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Budsjett 08 selvkost prognose (Momentum Consulting a/s)
Budsjett 08 selvkost gebyrberegning (Momentum Consulting a/s)
Kort innføring i selvkost i.fbm. budsjett 2008 i Ål kommune
Innføring av abonnementsgebyr

Dokument i saka:

Retningslinjer for berekning av sjølvkost

Saksopplysningar:

Gebyret for vatn og kloakk skal frå 08 bereknast på nye måtar, det skal vere eit fastledd (abonnementsgebyr), og minstegebyret fell bort.

Forhold til overordna plan:

I samsvar med budsjett.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar:

Inntekt på kr.6.711.000,-

Vurdering:

Den nye måten å berekne gebyret på, inneber ei usikkerheit i inntektene, men rådmannen meiner at dei vurderingar og berekningar som ligg til grunn for satsane er dei beste vi saman med vår konsulent kan klare. I dei bueingar som ikkje har vassmålar vert det stipulert eit forbruk etter størelsen på bueinga. Hytter får eit stipulert forbruk uavhengig av storleik. Bedrifter har vassmålar og skal betale

abonnementsgebyr (fastledd) etter brukt vassmengde føregående år, og etter forbruk pr M³ vedkommande år.

Dette gir følgjande satsar:

Målt og stipulert forbruk kr: 14;82 pr M³

Stipulert forbruk:

Hytte fastledd kr.3.246,-	stipulert 45 m ³ kr: 667,-	totalt kr: 3913,-
Bueining intil 35m ² fastledd kr: 764,-	stipulert 45m ³ kr: 667	” kr: 1430,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1337,-	stipulert 80m ³ kr.1446,-	”” kr: 2522,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1909,-	stipulert 150m ³ kr:2712,-	””” kr: 4132,-

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd etter forgje år forbruk

Hytter	fastled kr: 3.246,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
0-45 m3	fastledd kr: 764,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
45-80 m3	”””” kr. 1337,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
81-150m3	”””” kr: 1909,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
151-300m3	”””” kr: 3819,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
301-500m3	”””” kr: 5.728,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
501-1000m3	fastledd kr: 9.547,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
1001-2000m3	”””” kr. 15275,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
2001-3000m3	”””” kr: 22.912,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
3001-5000m3	”””” kr. 38.187,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
5001-8000m3	”””” kr: 57.280,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
8001 11000m3	”””” kr: 95.466,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³

Rådmannen si innstilling:

I samsvar med lov om vass-og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17 med endringar og forskrifter sist av 1.juni 2004 nr. 931 vedtek Ål kommunestyre slike kloakkgebyr for 2008:

Målt og stipulert forbruk kr: 14;82 pr M³

Stipulert forbruk:

Hytte fastledd kr.3.246,-	stipulert 45 m ³ kr: 667,-	totalt kr: 3913,-
Bueining intil 35m ² fastledd kr: 764,-	stipulert 45m ³ kr: 667	” kr: 1430,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd kr:1337,-	stipulert 80m ³ kr.1446,-	”” kr: 2522,-
Bueining over 80m ² fastledd kr: 1909,-	stipulert 150m ³ kr:2712,-	””” kr: 4132,-

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd etter forgje år forbruk

Hytter	fastled kr: 3.246,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
0-45 m3	fastledd kr: 764,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
45-80 m3	”””” kr. 1.337,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
81-150m3	”””” kr: 1.909,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
151-300m3	”””” kr: 3.819,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
301-500m3	”””” kr: 5.728,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
501-1000m3	fastled kr: 9.547,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
1001-2000m3	”””” kr. 15.275,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
2001-3000m3	”””” kr: 22.912,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³

3001-5000m ³	''''''	kr. 38.187,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
5001-8000m ³	''''''	kr: 57.280,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³
8001 11000m ³	''''''	kr: 95.466,-	for bruk kr. 14,82 pr M ³

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Harald Varlid

Bueining over 80m² fastledd kr: 1.689,- stipulert 150m³ kr:1.728,- """" kr: 3.417,-

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd etter forgje års forbruk

Hytter	fastled	kr: 2.871,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Tillegg for sprinkelanlegg	fast pr. år	kr: 1.689,-	
0-45 m ³	fastledd	kr: 675,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
45-80 m ³	""""""	kr. 1.182,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
81-150m ³	""""""	kr: 1.689,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
151-300m ³	""""""	kr: 3.377,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
301-500m ³	""""	kr: 5.066,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
501-1000m ³	fastled	kr: 8.443,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
1001-2000m ³	""""""	kr. 13.509,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
2001-3000m ³	""""	kr: 20.263,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
3001-5000m ³	""""	kr. 33.772,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
5001-8000m ³	""""	kr: 50.658,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
8001 11000m ³	""""	kr: 84.431,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³

Rådmannen si innstilling:

I samsvar med lov om vass-og kloakkavgifter av 31. mai 1974 nr. 17 med endringar og forskrifter sist av 1.juni 2004 nr. 931 vedtek Ål kommunestyre slike vassgebyr for 2008:

Målt og stipulert forbruk kr: 11,52 pr M³

Stipulert forbruk:

Hytte fastledd	kr.2.871,- stipulert 45 m ³ kr: 518,-	totalt kr: 3.389,-
Bueining intil 35m ² fastledd	kr: 675,- stipulert 45m ³ kr: 518,-	” kr: 1.194,-
Bueining 35 til 80 m ² fastledd	kr:1.182,- stipulert 80m ³ kr.922,-	"" kr: 2.104,-
Bueining over 80m ² fastledd	kr: 1.689,- stipulert 150m ³ kr:1.728,-	"""" kr: 3.417,-

Etter målt forbruk pr eining:

Fastledd etter forgje år forbruk

Hytter	fastled	kr: 3.389,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
Tillegg for sprinkelanlegg	fast pr. år	kr: 1.689,-	
0-45 m ³	fastledd	kr: 675,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
45-80 m ³	""""""	kr. 1.182,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
81-150m ³	""""""	kr: 1.689,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
151-300m ³	""""""	kr: 3.377,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
301-500m ³	""""	kr: 5.066,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
501-1000m ³	fastled	kr: 8.443,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
1001-2000m ³	""""""	kr. 13.509,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
2001-3000m ³	""""	kr: 20.263,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
3001-5000m ³	""""	kr. 33.772,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
5001-8000m ³	""""	kr: 50.658,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³
8001 11000m ³	""""	kr: 84.431,-	for bruk kr. 11,52 pr M ³

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Harald Varlid

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 101/07
Arkivsaksnr: 07/1743
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Harald Varlid

Saksnummer	Utval	Møtedato
101/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
/	Formannskapet	
/	Kommunestyret	

GEBYR FOR RENOVASJON 2008

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret.

Vedlegg:

Gebyrbergning.

Prognose for vann, avløp, renovasjon og slam for 2008

Dokument i saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Hallingdal renovasjon har utført sjølvkostberkninar for år 05 og 06. dette gir ei attendebetaling til Ål kommune på ca. 1,1 mil. Dette gjer at vi kan halde gebyra uendra frå 07.

Forhold til overordna plan:

I samsvar med budsjett

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen kjente.

Økonomiske konsekvensar:

Gebyr prognosen er kr 4.143.000,-, medan budsjett er på 4.000.000,-

Vurdering:

Sjølvkost fondet vil etter årsoppgjør 07 være på ca. 2 mil. Dette skal attendeførast til abonnentane innan fire år. Gebyra for abonnentane i Ål kommune vil vere uendra i fleire år frametter.

Rådmannen si innstilling:

I medhald av forureinings lova vedtek Ål kommunestyre å halde uendra gebyrsatsar for renovasjon frå 07 til 08.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Kjell Kløve

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 102/07
Arkivsaksnr: 07/1762
Arkivkode: 231

Sakshandsamar: Harald Varlid

Saksnummer	Utval	Møtedato
102/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	20.11.2007
/	Formannskapet	
/	Kommunestyret	

GEBYR FOR SLAMTØMING 2008

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Prognose for vann avløp renovasjon og slamtøming for 2008
Gebyrberegning slam

Dokument i saka:
Som vedlegg.

Saksopplysningar:
Denne tenesta har stor variasjon i utføring, inntil kvart fjerde år mellom tøminga.

Forhold til overordna plan:
I samsvar med budsjett.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:
Ingen kjente.

Økonomiske konsekvensar:
Tenista skal utførast etter sjølvkost.
Årsgebyr ca 900.000,-

Vurdering:
Vi har ikkje klart å få sjølvkost programmet til å berekne eit jamt innkomande årsgebyr, og ei så ulik utbetaling for utført teneste. Det vert her ikkje endring i satsane for slamtøming, men dersom etterkalkylen for 2007 skulle vise store utslag, kan ein vedta nye satsar i februar.

Rådmannen si innstilling:

I samsvar med forureining lova vedtek Ål kommunestyre uendra satsar på gebyr for slamtøming frå 07 til 08.

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 09.11.2007

Trond Kleppen
rådmann

Kjell Kløve